



Advokatfirmaet Kyrre ANS  
Magnus Thomassen  
Postb 1226 Nordnes  
5816 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/4919 - 15/35662

Saksbehandlar:  
Margit Rimeslåtten  
Margit.Rimeslatten@lindas.kommune.no

Dato:  
25.11.2015

## Avvising av klage på pålegg - gbnr 134/166 og 183 Hilland

**Administrativt vedtak. Saknr: 523/15**

### Saksutgreiing

Lindås kommune har motteke dykkar klage på vedtak om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt den 16.11.2015 på vegne av eigarar Marit og Hagbart M. Jacobsen.

### Vurdering

Forvaltningslova (fvl.) § 29 slår fast at klagefristen er 3 veker frå «underretning om vedtaket er kommet frem til vedkommende part».

Vedtaket som omfattar pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt er datert 29.09.2015, og vart sendt i post til eigarar av gnr. 134/166 bnr. 183 med kopi til ansvarleg søkjar 01.10.2015.

Med tanke på at det må reknast nokre dagar i postgang, vert det lagt til grunn at vedtaket kom fram til klagar 03.10.2015, og at klagefristen var 24.10.2015. Klagen er datert 11.11.2015 og motteke her 16.11.2014, det vil seie ca tre veker etter at klagefristen gjekk ut. Klagen er såleis ikkje framsett rettidig.

Det følgjer av fvl. § 31 at

*Selv om klageren har oversittet klagefristen, kan klagen tas under behandling såframt*  
*a) parten eller hans fullmektig ikke kan lastes for å ha oversittet fristen eller for å ha drøyd med klage etterpå, eller*

*b) det av særlige grunner er rimelig at klagen blir prøvd.*

*Ved vurderingen av om klagen bør tas opp til behandling, skal det også legges vekt på om endring av vedtaket kan medføre skade eller ulempe for andre.*



Det er viktig av omsyn til effektivitet og ressursbruk både for private parter og forvaltninga at fristane vert overhalde. Også omsyn til blant anna innretting, forutsigbarheit og tillit til forvaltningsvedtak tilseier at det ikkje skal vere kurant å få oppreisning for å ha overstige klagefrist.

Vi kan ikkje sjå at det er grunnlag for å slå fast at klagar ikkje kan lastast for å ha overskride klagefristen, jf. fvl. § 31 bokstav a. Vi syner i den samanheng til at det er orientert om klagefristen i vedtaket om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt.

Vi kan heller ikkje sjå at det er forhold i saka som tilseier at det er særlege grunnar til at klagen vert prøvd, jf. fvl. § 31 bokstav b. Vi syner i den samanheng til at høve til oppreisning etter dette alternativet er ikkje kurant sidan føresetnaden då er som oftast at klagar eller fullmektig kan lastast for oversittinga av klagefristen.

Uttrykket «særlege grunner» tilseier at det må påvisast nokre spesifiserte, klare grunnar som etter ei konkret vurdering gjer det rimeleg at klagen vert prøvd. Ordlyden tilseier også at grunnane ikkje skal vere så generelle at dei kan hevdast i mange saker. Vi syner i den samanheng til klagen der det kjem fram at «tiltakshavar beviselig er i en prosess for å legalisere de aktuelle tiltakene», noko som ikkje kan reknast som «særlege grunnar».

Saka har ei lag forhistorie som vart starta med melding av naboar til kommunen om ulovleg bygging i 2012, og vedtaket om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt er gitt på bakgrunn av dette. At det også er involvert andre i saka, meiner vi er grunn til å leggje vekt på.

På bakgrunn av dette vert det ikkje gjeve oppreisning for oversitting av klagefrist etter fvl § 31. Søknad om nedsett gebyr vert handsama i eiga sak.

## **VEDTAK**

**Med heimel i fvl. § 33 vert klage motteke den 16.11.2015 avvist sidan klagen er sett fram etter at klagefristen i fvl. § 29 er gått ut. Det er ikkje er grunnlag for å gje oppreisning for oversitting av klagefrist etter fvl. § 31.**

## **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27 bokstav b.

Med helsing

Siril Sylta  
Avdelingsleiar byggjesak

Margit Rimeslåtten  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Marit og Hagbart M. Jacobsen

Løhøyen 14A

5911

ALVERSUND